

KVINNHERAD KOMMUNE
Rosendalsvegen 10
5470 ROSENDALDato: 19.06.2017
Vår ref.: 2017/6151-2
Saksbehandlar: Iarbirik
Dykkar ref.:

Søknad om bygging av landbruksveg gnr 193 bnr 1 - Kvinnherad kommune - Fråsegn om kulturminne

Viser til brev dagsett 14.06.2017 med ovanfor nemnde sak til fråsegn. Hordaland fylkeskommune, ved Fylkeskonservatoren, har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

Ut frå tilgjengeleg arkivmateriale og flyfoto, kan me ikkje sjå at det omsøkte tiltaket vil koma i konflikt med automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne. Me har difor ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under opparbeiding av feltet søkjer å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Dersom det kjem fram eventuelle funn ved gjennomføring av planen må Hordaland fylkeskommune få melding, og alt arbeid stansast inntil rette forvaltningsmynde har vurdert/nærare dokumentert funnet (jfr. kulturminnelova § 8, 2.ledd).

Med helsing

David J. Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Lars Øyvind Birkenes
Seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.